



--

Arkiv saknr:	2018/499
Løpenr.:	6545/2018
Arkivkode:	92/2

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Sakshandsamar: Tone N. Midtbø

92/2 Utsleppsløyve for Vamark hyttefelt Godkjenning av utsleppsløyve

Vedlegg:

- 1 Søknad om utsleppsløyve for hyttefelt i Vamark
- 2 Reguleringsplan for Vamark - del av gnr 92 bnr 2
- 3 Vamark VA-plan
- 4 92/2 Utsleppsløyve etter forureiningsforskrifta kapittel 13
- 5 Krav § 13 anlegg
- 6 Reguleringsplan for Vamark - del av gnr 92 bnr 2

Dokument i saka:

Utsleppssøknad for Vamark hyttefelt motteke 6. februar 2018.

Merknader ved høyring:

- Mattilsynet avdeling Telemark, 26.02.2018.

Bakgrunn:

Vinje kommune har motteke søknad om utsleppsløyve for Vamark hyttefelt (92/2). Området omfattast av reguleringsplan for Vamark som vart vedteke i Vinje kommunestyre 18.02.2016. Reguleringsplanen for Vamark legg til rette for bygging av 50 nye hytter. Av desse er 47 hytter med høg sanitær standard. Innanfor reguleringsplanområdet er det og 39 eksisterande lågstandardhytter. Det søkast om etablering av reinseanlegg som skal byggast ut i to trinn i takt med utbygging i området. Utbygger har lagt til rette for tilkopling av 25 av dei eksisterande hyttene ved dimensjonering av reinseanlegget. Utbygger vurderer det som lite sannsynleg at alle dei eksisterande hyttene vil kople seg på.

- Første byggetrinn er eit biologisk/kjemisk reinseanlegg som dimensjonerast for 125 pe (31 hytter). Dette er eit kapittel 13-anlegg.
- I andre byggetrinn byggast det eit nytt reinseanlegg på same stad og den totale kapasiteten aukast til 350 pe. Fortsatt vil dette vere eit kapittel 13-anlegg.
- Det skal vere ein felles utsleppsleidning frå reinseanlegga og utsleppet frå reinseanlegget skal gå til Øvre Vatjønn.

Utsleppssøknaden blei sendt på høyring 15.02.2018 til Fylkesmannen i Telemark, Statkraft, Mattilsynet, NVE, Fylkesmannen og grunneigarar med frist for merknadar 16.03.2018. Søknaden er og sendt Vamark hytteforeining.

Vurdering:

Mattilsynet

- Utbyggjar må sjå til at drikkevasskjelder i området ikkje på nokon måte vert forureina jf drikkevassforskrifta § 4 «*det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfatter alle aktiviteter, fra vanntiligområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevannet bli forurenset*».
- Mattilsynet ønskjer og å minne om plan – og bygningslovas § 27-1 som seier følgjande; «Bygning må ikke føres opp eller tas i bruk til opphold for mennesker eller dyr med mindre det er forsvarlig adgang til hygienisk betryggende og tilstrekkelig drikkevann, samt slokkevann».

Kommentar

Utbyggjar vert gjort kjent med dette.

Vinje kommune er samd i denne trinnvise utbygginga av avløpsanlegget. Det vert etablert ein felles utsleppsleidning. Utsleppet skal gå djupålen i Øvre Vatjønn.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Nytt utsleppsløyve for Vamark hyttefelt (92/2) vert gjeve slik det går fram av vedlagte utsleppsløyve med dei krav som gjeld for kapittel 13-anlegg i forureiningsforskrifta. For kapittel 13-anlegg skal utsleppet minst etterkome 90 % reduksjon av fosfor.

Rådmannen,

Jan Myrekrok, rådmann /s/